


# ÅRSMELDING 2021



**Strand kyrkjelyd  
- kyrkje med rom for alle**

# STRAND SOKNERÅD

Britt Karin K. Grødem, leiar	<i>Vararepresentantar</i>
Marita H. Vasstveit, nestleiar	Trine M. Ø. Sørskår
Eli Nesvåg	Nicolien Haasbroek
Eirik Stople	Marta Frantzen
Odd Bjørn Næss	Kristoffer Nåden Havn
Ole André Straume	Valborg Løge Sandvik

Martin Ivar Arnesen, sokneprest  
Liv Åse Gaard, sekretær

Soknerådet har hatt 9 møte og handsama 49 saker i 2021.

## TILSETTE I STRAND SOKN

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen
Organist:	Geir Arve Helvig
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Ungdomsdiakon:	Michael Skappel Zülow
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll Dmytro Sivertsen Anders Sigmundstad
Ungdomsdiakon:	Michael Skappel Zülow
Kyrkjegardsarbeidar:	Fikret Abedinoski Jan Langeland
Kyrkjeverje:	Trond Hjorteland / Liv Åse Gaard (fung. kyrkjeverje)



# GUDSTENESTER OG TAL 2021

I Strand sokn er det 4085 medlemmer pr. 31.12.21 (4 færre enn 2020). Det er vanlegvis gudsteneste nesten kvar søndag, samt heilagdagar. Mange frivillige er aktive, og tenesteheftet blir sendt ut til ca. 80 husstandar kvart semester.

Covid-19 førte også i 2021 til at mange gudstenester blei avlyste. I januar var det ikkje gudstenester, og ikkje i påska. Gudstenester blei haldne med restriksjonar på frammøte - periodar med inntil 200 personar og periodar med inntil 50 personar. Dette førte til at det blei haldne mange eigne dåps-gudstenestar med bare dåps-familiane til stades.

I statistikken vil spesielt tal på gudstenester, frammøte, innkomme i offer – vere avvikande i 2021 som i 2020.

<b>Strand kyrkjelyd</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020*</b>	<b>2021*</b>
Døypte	40	50	45	63	62
Vigsler	14	17	13	12	18
Gravferder	40	33	21	40	40
Konfirmantar	62	55	51	47	57
Innmeldte i DnK	1	2	1	0	6
Utmeldte i DnK	20	13	27	20	47
Hovudgudstenester (m. lær.)	48	50	48	53	52
Gj.snitt frammøte	142	148	140	76	104
Gudstenester m. nattverd	18	15	17	10	18
Gj.snitt nattverdgjester	83	83	78	55	77
Innkomme kyrkjeoffer i alt	268 647	295 706	281 441	196 726	318 835
Av dette til eiga verksemd	73 649	78 506	66 905	39 650	131 320
Inn givarteneste og gåver til krk.l.arbeidet	158 462	129 100	114 035	105 900	109 578

# REKNESKAP 2021

## UT

Overført offer til andre	187 785,00
Overført innsamla til andre (Fasteaksjon, basar, tivoli)	8 021,00
Lønn (men.h.pedagog, ungd.arb.)	162 771,00
Driftsutgifter	223 362,48
<b>Drift ut</b>	<b>581 939,48</b>

## INN

Offer til andre i gudstenesta	187 515,00
Innsamla til andre (Fasteaksjon, basar, tivoli)	8 021,00
Offer til eiga verksemd i gudstenesta	57 724,00
Givarteneste	93 200,00
Eigenbetaling div aktivitetar, turar,	56 170,00
Diverse sal og liknande	2 010,00
Gåver, tilskot	117 237,00
Refusjon frå staten (MVA)	21 013,00
<b>Drift inn</b>	<b>542 890,00</b>
Brutto driftsresultat	39 049,48
Renteinntekter	2 705,00
<b>Netto driftsresultat – Bruk av fond</b>	<b>36 344,48</b>

## EGENKAPITAL PR 31.12.21

**253 601,07**

# TRUSOPPLÆRINGSMIDLAR 2021

Lønn (men.h.pedagog, kateket)	418 000,00
Adm. kostnadar	22 000,00
<b>SUM UT</b>	<b>440 000,00</b>
<b>Tildelte Trusopplæringmidlar 2020</b>	<b>440 000,00</b>

# REKNESKAP NY KYRKJE 2021

Overført Strand krk fellesråd	1 850 00,00
Gebyr (bank, Solidus)	27 504,84

**SUM UT** **1 877 504,84**

Givarteneste og gåver privatpersonar	750 000,00
Gåver frå firma	280 000,00
Gåver frå foreiningar o.l.	78 126,65
Utleige, inngangspenger, sal	121 435,00
Offer	73 596,00
Gi ein stol-aksjon	168 900,00
MVA-kompensasjon	3 695,00

**SUM INN** **1 476 052,65**

Netto driftsresultat	- 401 452,19
Renter	7 077,00

**BRUTTO DRIFTSRESULTAT** **- 394 375,19**

**BALANSE**

<b>Bank 31.12.2021</b>	<b>33 087,66</b>
Fordringar/kasse	37 480,00
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>70 567,66</b>
Disposisjonsfond frå 2020	464 140,66
Årets resultat	-394 375,19
<b>Sum egenkapital</b>	<b>69 765,47</b>
Kortsiktig gjeld	802,19
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>70 567,66</b>

**NETTO INNSAMLET PR 31.12.2021: 5 219 765**  
**Mål hovudkyrkja 8 000 000**  
**Mål kjellar før innreiing 3 000 000**

# FRÅ 2021


## Strand kyrkje

Solcelletaket på taket produserer årleg ca 20 000 kWh.

Kyrkja har varmestyringsanlegg.

Etter Tau kyrkje blei tatt i bruk,

blei gudstenestene flytta til den nye kyrkja, medan gravferder og viglser er i Strand kyrkje.



## Tau kyrkje

Kyrkja stod ferdig i august og innviingsgudstenesta blei halden søndag 12. sept. Etter dette følgde 2 veker med mange gode arrangement med veldig godt besøk. Frå innviingsgudstenesta og ut året, var det berre på enkeltarrangement som kulturkveldar, konsertar og liknande - rundt 5000 menneske innom Tau kyrkje. I



tillegg kjemfast arbeid som gudstenester, kor, konfirmantar, osv.

Det står enno igjen arbeid utanfor kyrkja, og kjellaren var pr. 31.12.21 framleis ein råkjellar med støypt golv med vassboren varme. Det er planar om å innreie kjellaren innan sommaren 2022.

Strand sokneråd har konto for gåver og givarteneste til ny kyrkje og skal samle inn ca. 8 millionar kroner til kyrkja i tillegg til 3 millionar til kjellar – pr. 31.12.21 var det samla inn ca. kr 5,2 mill.

## Strand Kyrjekontor

Strand og Jørpeland har sidan 2006 vore samlokaliserte i leigde lokale på Jørpeland. Desse blei sagt opp fom. 1. juli, og staben på Jørpeland flytta ned i Jørpeland kyrkje, medan staben på Tau flytta inn i nye Tau kyrkje i veldig gode og tenlege lokale. Kontormøbler, hyller mm blei tatt med frå dei gamle kontora.

## Forbønsteneste og open kyrkje - strikkekafé

Det er forbønsteneste i kyrkja om lag annakvar måndag, og open kyrkje annakvar måndag. Frå september blei det også arrangert strikkekafé på kyrkjetoget etter open kyrkje.

**Alphakurs** – starta opp i oktober i Tau kyrkje, ca. 20 deltakarar og veldig bra atmosfære og bra kurs.

## **Aktiv-klubben**

Aktiv-klubben blei nedlagd i 2021, men blir starta opp igjen i 2022.

**50-og 51-års konfirmant-treff** – i november.

**Brakkene oppe ved Strand kyrkje** – blei fjerna i juni etter avtale. Rett før dette - i mai - var det innbrot i brakkene der det blei stole ein del lydutstyr og instrument som me hadde fått frå Strand Soul Children.

## **Kulturutval**

Det blei våren 2021 oppretta Kulturutval under soknerådet. Kulturutvalet vi ha jamnlege arrangement i Tau kyrkje, temakvelder og konsertar.

## **Ny gudstenesteordning**


Strand sokn søkte og fekk godkjent ny justert ordning for gudstenester.

# **PREIKESTOLEN**

Preikestolen er felles kyrkjeblad for Strand, Forsand og Hjelmeland. Bladet kjem i eit opplag på ca. 7 400 blader og går ut til alle husstandar i Strand, Forsand, Årdal, Fister og Hjelmeland - samt ca. 35 utanbygds abonnentar.

Olav Frantzen er redaktør og Marton Fiskå er grafisk formgivar for bladet.

I 2021 blei det gjeve ut 5 nummer. Det kom inn kr. 138 343 (2020: 135 106) i frivillig abonnement frå ca. 490 husstandar (2020: 485) og kr. 72 800 (2020: 67 800) i støtteannonsar frå bedrifter.



I styret for Preikestolen sit:

Kyrkjeverje i Strand - Trond Hjorteland/Liv Åse Gaard (fung.)

Kyrkjeverje i Hjelmeland - Reidunn Ferstad

Dagleg leiar i Forsand - Siv Fossan

prost Sigrid Sigmundstad, redaktør Olav Frantzen.



# Arbeid for barn 0-12 år

Lokal plan for trusopplæring blei godkjent i 2016.



Det var i 2021  
980 døypte barn i alderen 0-17 år,  
og 46 % av inviterte deltok på eit av våre  
trusopplæringstiltak.

## **0 år - Babysong**

Kvar veke i Strand kyrkje, jan.-april og i Tau kyrkje sept.-des.  
Barna får en CD. 35 barn har vore innom (71%)  
når det har vore muleg å gjennomføre pga. Covid-19.

## **1-3 år - Barnesong**

Kvar veke i kyrkja, jan.-april og i Tau kyrkje sept.-des.  
12 barn har vore innom (46% av 2-åringar) når det har vore  
muleg å gjennomføre pga. Covid-19.

## **3 år - Myldresamling**

Myldresamling i kyrkja med song, andakt, leik og servering.  
12 barn deltok (32 %).

## **4 år - Pølsefest og familiegudsteneste**

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebok på hausten, 17 barn (42 %)

## **5 år - Sangsamling**

Sangsamling på Tau bedehus i samarbeid med Tryfena barnekor  
Avlyst.

## **7 år – Kongeklubben (tidligere Dåpsskolen)**

Avlyst pga Covid-19.

## **8 år - Hausthelg**

Opplegg i Strandastøa på laurdagen, og deltaking på hausttakkefest  
i kyrkja søndag. 7 barn deltok 16%

## **9 år – Tårnagenthelg**

I kyrkja laurdag ettermiddag og gudsteneste søndag.  
Avlyst pga Covid-19.

## **10 år - Haustferieleir på Vaulali**

Tema: Bibelen - i etterkant av at 5.klassingar har fått Bibel i  
samarbeid med skulen. 17 barn deltok-31 %



## 11 år - LysVaken

Første helga i advent er det overnatting i kyrkja, og deltaking på gudsteneste. 9 barn deltok

## 12 år - Aktivitetsdag på Vaulali

Skulefriday i november med overnatting, aktivitetar, temasamlingar og sosialt. 26 barn deltok-50 %



## Søndagsskule

Det var ikkje søndagsskule i vår, men ny start i Tau kyrkje på hausten med mange nye lederar. Det var eigen Kick-off under Normi-marken og søndagsskule 8 gonger fordelt på to grupper. Gjennomsnitt frammøte er 20 stk. Me hadde slush-kurs for 11-12 åringar i juni i samarbeid med kretsen. 8 barn deltok



## Barnekor

Tryfena låg nede frå våren 2021. Julekoret for 5-12 år starta opp etter haustferien som eit prosjektkor med eit snitt på 30 barn på øving

## Barnehagesamarbeid

Alle barnehagane deltok på julevandring med 4- og 5-åringar i desember. Ein barnehage kom på påskevandring.



## Skulesamarbeid

Me gleda oss over å kunne invitere alle skulane til skulegudstenester før jul, men alle blei avlyst pga nedstenginga. Me hadde påskevandring for 2.trinn og pinsevandring for 4.trinn

## Grønt hjarte

Miljøgruppe for barn i alderen 2.-7.klasse. Dei har samling ein onsdag i månaden. Dei lagar fuglemat, sår og haustar grønsakar, sår blomster, lagar mat og lærar om naturen.

# Arbeid for unge 13-20 år

## UNGDOMSDIAKONI

### 14 år - Ein for alle, før-konfirmanttreff

Avlyst pga. Covid-19

### Konfirmasjonstid

Dette kullet fekk ikkje leir, men to dagar på Vaulali, vår og haust

Året elles består av undervisning, gudstenester, innsamlingsaksjonen -blei digital, konfirmantfest med meir.

Konfirmasjonane blei flytta til oktober.

57 blei konfirmerte i 2021, (88 %) i tillegg blei 7 konfirmert andre stadar (Jørpeland-Klippen, Frelsesarmeen)



### Samtaletilbod

Det er tilbod om samtale og treffpunkt kvar veke på Strand vidaregåande skule ved ungdomsdiakonen.

### Leiartrening og ungdomssamlingar

#### FollowMe

Gjennom undervisning og praksis skal ungdommane utvikle seg som kristne og som leiarar i kyrkjelyden. Det har vore samlingar ca. ein gong i månaden, fysisk eller digitalt gjennom heile året.

20 ungdommar har vore med gjennom året.



### Klubb for ungdom med hjelpebehov

Klubben har klubbkveld ein tysdagskveld i månaden i Jørpeland kyrkje, for ungdom i alderen 13-30 år. Frammøte ligg jamt på 35 stk. Det er vaksenleiarar frå Strand og Jørpeland kyrkjelydar som driv klubben.

# MILJØ

## Miljøutval:

Gro Iren Horve, Bjarne Kvist Hansen  
Gunnar Eielsen, Martin Ivar Arnesen



Som grunnlag for alt arbeid Miljøutvalet står for, ligg den bibelske skapartrua og det kristne forvaltaransvaret.



# DIAKONI

**Diakoniutval:** Karin Dahle, Nils S. Eie, Reidun Fjelde, Marit Nag.

**Helsing til jubilarer:** Jubilarer får helsing frå kyrkjelyden ved fylte 85, 90, 95, 100 år. Utvalet går med blomster og brev.

**Sorggrupper:** Det har vore ei sorggruppe vinteren 2021/2022 i Tau kyrkje – samarbeid med Jørpeland sokn.

# KULTUR

**Kulturutval:** Magne Grødem,  
Synnøve Keilegavlen Nygård,  
Trond Hjorteland, Erik Danielsen,  
Aslaug Elin Kleven

## Kulturarrangement

Kulturutvalet blei oppretta våren 2021, og stod for mange av kulturarrangementa hausten 2021, m.a. temakveldar med Olaug Bollestad og Vidar Mæland Bakke, Helge Simonnes, Bjørn Are Davidsen.

Det blei også arrangert misjonskveld, historisk kveld, kunst og klassisk musikk-kveld, Normimarken, konsert med Stavanger Gospel Company, mm. i Tau kyrkje.

I tillegg var det fleire konsertar i kyrkja ved andre eller ved utleige - Kornelius og Sigvart Dagsland, Bjørn Eidsvåg, Øklands, Kornelius julekonsertar, Ei frea stond før jul saman med Julekoret vårt, Thea Sofie Barka og Mathias Keilegavlen.



# MISJON

## Misjonsprosjekt

Strand kyrkjelyd har misjonsavtale med NMS om 2 prosjekt:



- Menighetsbygging i Estland
- Landsbyutvikling på Madagaskar

Soknerådet har avtale om desse 2 prosjekta ut 2024.

Ein vil ha fokus på misjon i kyrkjelyden ved å

- Gi 8 offer i året til misjonsprosjekta.
- Be for misjonsprosjekta i gudstenesta
- Be for misjonærar som er ute i teneste
- Informere om misjonsprosjekta

Det var 7 ofringar i kyrkja til Misjonsprosjekta i 2021  
Innsamla: kr. 44 417

### **GIVARTENESTE I STRAND KYRKJELYD**

***Ny kyrkje på Tau:  
Kontonr. 3205 20 60477***

***Trusopplæring barn og unge:***

***Kontonr. 3205 30 02233***

***Gåver gir rett til skattefråtrekk***